

**TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF
FOR OKTOBER – DATO 10.10.2024**

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNS- RAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
ARBEIDSTILSYNET	Helse Førde	Kontroll av korleis HFD jobbar systematisk med HMS-arbeidet og korleis vi arbeidar førebyggjande for å unngå at arbeidstakarane i verksemda får arbeidsrelaterte plager	01.10.2024	Ja	31.12.2024	<p>Luster ambulansstasjon Elements: 2024/1883</p> <p>Tilsynet er eit oppfølgingstilsyn etter ambulansetsatsinga vi hadde i 2018/2019. I 2018/2019 rettleia vi om krav til arbeidslokale og arbeidsplassar i ambulansetenesta. Arbeidstilsynet er kjent med at Luster ambulansstasjon har utfordringar i høve arbeidslokale og at stasjonen er i mellombelse lokale i påvente av ny stasjon/lokale.</p> <p>Føremålet med dette tilsynet var å kontrollere korleis arbeidslokala er for arbeidstakarane ved Luster ambulansstasjon.</p> <p>HFD har fått 1 pålegg – Arbeidslokale og arbeidsplassar</p> <p>Funn i tilsynet: Det vart opplyst at helseføretaket har vedtatt at Luster skal vere ein døgnbemanna ambulansstasjon. I tilsynet i 2019 kom det fram at stasjonen hadde mellombels lokale i påvente av ny stasjon. Sidan tilsynet i 2019 har stasjon har vore ute på anbod, men prosessen om nye lokale har blitt avlyst grunna ulike høve. Luster ambulansstasjon har vore i noverande lokale sidan 2011.</p>	

						<p><i>Brot på regelverket oppsummert</i></p> <p><i>Arbeidslokala er ikkje utforma og innreia med sikte på den verksemda og den arbeidsplassen som skal vere i lokalet (ambulansestasjon). Arbeidsplassen er ikkje tilpassa arbeidet sin art. Arbeidsplassen er ikkje utforma på ein slik måte at eksponering for biologiske faktorar er redusert til eit lågast mogleg nivå, og slik at antall arbeidstakarar som kan bli eksponert blir lågast mogleg, jfr. arbeidsplassforskriften § 8-1.</i></p>
ARBEIDSTILSYNET	Helse Førde	Kontroll av korleis HFD jobbar systematisk med HMS-arbeidet og korleis vi arbeidar førebyggjande for å unngå at arbeidstakarane i verksemda får arbeidsrelaterte plager	01.10.2024	Ja	31.12.2024	<p><i>Lavik ambulansestasjon Elements: 2024/1882</i></p> <p><i>Arbeidstilsynet har blitt gjort kjent med utfordringar med fysiske arbeidsforhold ved Lavik ambulansestasjon og gjennomførte et tilsyn i verksemda. Tilsynet ble gjennomført i dialog mellom representantane frå verksemda og Arbeidstilsynet. Arbeidstilsynet informerte om føremålet med tilsynet, som var å kontrollere korleis arbeidslokala fungerer for arbeidstakarane ved Lavik ambulansestasjon.</i></p> <p><i>HFD har fått 2 pålegg – Arbeidslokale og arbeidsplassar</i></p> <p><i>Funn i tilsynet: Arbeidstilsynet har i samband med tidlegare tilsynssak i same verksemd bidrege med rettleiing i samband med krav til arbeidslokale. Me viser vidare til Arbeidstilsynets rettleiing i samband med</i></p>

					<p><i>Krav til arbeidslokaler og arbeidstøy i ambulansetjenesten. Under følger beskriving av fleire punkt der arbeidslokala til Lavik ambulansestasjon ikkje tilfredsstillar disse krava.</i></p> <p><i>I tilsynet fekk me informasjon om låge temperaturar i lokala i periodar av året. Dei tilsette må ved høve sitte med dyner over seg i opphaldsrommet for å halde varmen. Varmekjelde er varmpumpe på opphaldsrom. Arbeidslokala har ikkje allmennventilasjon, kun klaffventilar på soveromma og tallerkenventilar på opphaldsrommet, samt baderomsvifte på bad. Lufting gjerast med opning av vindauge.</i></p> <p><i>Me fekk informasjon om at arbeidstakarar opplever symptom, mogleg relatert til dårleg inneklima.</i></p> <p><i>Brot på regeleverket oppsummert: Arbeidslokala er ikkje utforma og innreia med sikte på den verksemda og dei arbeidsplassane som skal finnes i lokalet og har ikkje ei tilfredsstillende velferdsmessig standard. Arbeidsplassen er ikkje tilpassa arbeidets art.</i></p> <p><i>Arbeidsplassen er ikkje utforma på en slik måte at eksponering for biologiske faktorar er redusert til et lågast mulig nivå, og slik at antall arbeidstakere som kan bli eksponert blir lågast mogleg, jfr. arbeidsplassforskrifta § 8-1.</i></p>	
--	--	--	--	--	---	--

					<p><i>Arbeidsgjevar har ikkje sørgja for at fysiske arbeidsmiljøfaktorar som bygnings- og utstyrmessige forhold, er fullt forsvarlig ut frå omsynet til arbeidstakaranes helse, miljø, tryggleik og velferd.</i></p> <p><i>Arbeidslokalane har vore av same standard over lang tid og har vore nytta sidan 2018. Alle funn i tilsynet er kjente forhold for arbeidsgjevar, og har vore det over fleire år. Beskrivne tiltak i arbeidslokala framstår ikkje som tilstrekkelege til å bidra til eit forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstilsynet vurderer at arbeidslokala har klare manglar når det gjelder å ha ein tilfredsstillende velferdsmessig standard.</i></p> <p><i>Det er brot på følgjande regelverk:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>arbeidsmiljøloven §§ 3-1 første ledd og 4-4 første ledd og andre ledd</i> • <i>arbeidsplassforskriften § 2-1</i>
--	--	--	--	--	---

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre.

Helse Førde har registrert **totalt 2** tilsyn og revisjonar i perioden 10.09.2024-10.10.2024

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.